



Helse- og  
omsorgsdepartementet

# **Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. november 2020**

**Lager for smittevernutstyr,  
legemiddelberedskap og drift av  
ambulansefly**

**HELSE**  **VEST**

---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 13. november 2020 kl. 12.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og vart halde på telefon.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Beredskapslager for smittevernustyr
- Sak 4 Legemiddelberedskap
- Sak 5 Drift av ambulansely i tråd med avtale inngått under rescEU-programmet

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen (etter fullmakt frå statsråden)

### **Frå styret møte**

Styreleiar Einar Strømsvåg  
Bjørn Egil Vikse  
Olin Johanne Henden  
Gunnar Berge

Pernille Lysaker  
Ingeborg Morken  
Wenche Kristin Røkenes  
Bente Pilskog

### **Frå administrasjonen møte**

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

### **Også til stades**

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum  
Ekspedisjonssjef Espen Aasen  
Avdelingsdirektør Jan Berg

Avdelingsdirektør Kai Furberg  
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte med Ingrid Engstad Risa.

---

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Ho las opp fullmakt frå statsråden og spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Einar Strømsvåg og statssekretær Anne Grethe Erlandsen vart valde til å godkjenne protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Beredskapslager for smittevernutstyr

Ved starten av korona-pandemien vart det ei utfordring nasjonalt og internasjonalt å få tak i nødvendig smittevernutstyr, og dette kan på nytt bli ei utfordring. Det er difor beslutta å etablere eit nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr og det er lagt fram eit forslag til løyving for 2021 på 771 mill. kroner til oppbygging, drift og vedlikehald av lageret. Lageret vil kunne supplere helsetenesten med smittevernutstyr dersom det oppstår behov for dette, men det skal ikkje erstatte kommunane og sjukehusa sitt eige ansvar for å sørge for tilstrekkeleg smittevernutstyr i eiga teneste. Helsedirektoratet har finansieringsansvaret for lageret, og tek beslutningar om uttak.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dei regionale helseføretaka skal ta ansvar for anskaffing av utstyr til og midlertidig drift av nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr. Helse Sør-Øst RHF og Sykehusinnkjøp HF skal ha det operative ansvaret for lageret.*

## Sak 4 Legemiddelberedskap

Føretaksmøtet viste til dei regionale helseføretaka si rolle i oppbygginga av beredskapslager for legemiddel på nivå 1 for spesialisthelsetenesta, delegert frå Helsedirektoratet. Vidare fekk dei regionale helseføretaka i føretaksmøte 8. mai 2020 i oppdrag å etablere eit beredskapslager for legemiddel for primær- og spesialisthelsetenesta på nivå 2. Føretaksmøtet viste også til oppdrag gitt til Helsedirektoratet 24. juni 2020 om å vurdere innretninga av eit permanent beredskapslager for legemiddel.

### Føretaksmøtet vedtok:

---

*Dei regionale helseføretaka skal fullføre oppbygginga av beredskapslager for legemiddel til nivå 2 innan 1. mai 2021, samt ved behov ivareta innkjøp og lagerhald av råvarer for enkelte særskilt forsyningskritiske legemiddel. Vidare skal dei regionale helseføretaka hjelpe Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk i vidare utgreiing samt førebuande arbeid for eit permanent beredskapslager for legemiddel.*

## **Sak 5 Drift av ambulansefly i tråd med avtale inngått under rescEU-programmet**

Føretaksmøtet viste til at norske myndigheiter har inngått ein avtale med EU om å etablere eit ambulansefly for transport av pasientar med alvorlege smittsomme sjukdommar, jf. tidligare behandling av saka i føretaksmøtet 10. juni 2020. Helsedirektoratet er avtalepart med EU og skal gjennomføre nødvendig rapportering og ha ansvaret for dei økonomiske transaksjonane som følgjer av avtalen. EU forpliktar seg i avtalen til å finansiere dei faste kostnadene for flyberedskapen gjennom året, og vil i tillegg finansiere alle oppdrag som vert utført for EU. Helsedirektoratet sine kostnader til administrasjon av avtalen vert finansiert av EU-midlane. Norsk spesialisthelseteneste må dekkje meirkostnader knytta til nasjonal bruk av flyet, herunder medisinsk besetning.

Føretaksmøtet ba dei regionale helseføretaka om å:

- inngå ein operatøravtale for drift av eit ambulansefly med tilhøyrande medisinsk utrustning og materiell som kan stå i beredskap for transport av pasientar med høgrisikoinfeksjon under rescEU-programmet.
- etablere ein vaktordning for medisinsk besetning for EU-oppdrag og bruke det nasjonale kompetansemiljøet for CBRNE-beredskap til å utvikle ordninga. Besetninga skal få nødvendig opplæring og trening, og det skal vurderast å etablere eit interregionalt samarbeid om medisinske og operative prosedyrar knytta til oppdrag for EU.
- i samarbeid med Helsedirektoratet etablere eit rammeverk og rutinar som sikrar oppfølging av krav i avtalen med EU, samt nødvendig dokumentasjon og rapportering på krava. Det skal også utarbeidast eit system for registrering og refusjon av faste kostnader og kostnader knytta til oppdrag utført for EU.
- leggje til rette for at denne flyressursen kan inngå i den nasjonale luftambulansetenesta når den ikkje er på EU-oppdrag, herunder sørge for medisinsk bemanning, jf. også krav i føretaksmøte 10. juni 2020.
- utarbeide prinsipp for å fordele kostnadene knytta til nasjonal bruk av flyet.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Dei regionale helseføretaka skal inngå operatøravtale for ambulansefly under rescEU-programmet, i tråd med punkta over.*

Møtet vart heva kl. 12.45.

Oslo, 13. november 2020

Anne Grethe Erlandsen

Einar Strømsvåg

*Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

---